



Naustdal-Gjengedal
verneområdestyre

Møteinnkalling

Utval:	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre
Møtestad:	Førde
Dato:	17.11.2025
Tidspunkt:	12:00

Eventuelt forfall må meldast snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Styremøte 3/2025 i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre.

Møtet vert 12-15 i Statsforvaltaren i Vestland (Landbruksavdelinga) sine lokale i Førde, i Hafstadgården (Fjellvegen 11, 6800 Førde).

Etter møtet vert det julelunsj på Førde hotell.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 15/25	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 16/25	Val av styremedlem som skal signere protokoll		
RS 2/25	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - orienteringssaker styremøte 3-2025		2019/4183
RS 3/25	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - gjennomførte tiltak og bruk av tiltaksmidler i 2025		2019/4173
ST 17/25	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Oppføring av naust i Traudalen - Einar Nystad		2025/15157
ST 18/25	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - driftsbudsjett for 2026		2019/2581
ST 19/25	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - revidering av tiltaksplan for 2026		2019/10675
ST 20/25	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - søknad om tiltaksmidler for 2026		2019/4173
ST 21/25	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - bestille SNO-ressursar for 2026		2019/4173
ST 22/25	Eventuelt		

ST 15/25 Godkjenning av innkalling og sakliste
ST 16/25 Val av styremedlem som skal signere protokoll



Arkivsaksnr: 2019/4183-28

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 07.11.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	2/25	17.11.2025

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - orienteringssaker styremøte 3-2025

Innstilling frå forvaltar

Styret tek orienteringssakene til vitande.

Saksopplysningar

Delegerte saker

Det har ikkje vore handsama delegerte saker sidan førre møte.

Økonomi

Styret har fått eit driftsbudsjett på totalt 145.000 for 2025. Dette inkluderer 95.000 til drift av styret og 50.000 til grunnstøtte til vedlikehald og infrastruktur. Status per 5.nov er at om lag 85.000 av dette er utbetalt, fordelt på 56.000 til drift av styre og 29.000 til grunnstøtte. Prognosen er at vi vil ha att noko på driftsbudsjettet til styret ved slutten av året, og dette er og meldt inn til Statsforvaltaren.

Skjøtselsplan for Myklandsdalen

Vi søkte om planmidlar til å få laga skjøtselsplan for Myklandsdalen i Gloppen i år, og det fekk vi ikkje frå Miljødirektoratet. Men, takka vere restmidlar frå både vårt og andre styre sine driftsbudsjett so vert det midlar til å få bestilt dette arbeidet likevel. Forvaltar har tatt kontakt med Vegetasjonsrådgjevar Tanaquil Enzensberger (som Statsforvaltaren har rammeavtale med) og ho tek på seg oppdraget.



Arkivsaksnr: 2019/4173-33

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 07.11.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	3/25	17.11.2025

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - gjennomførte tiltak og bruk av tiltaksmidler i 2025

Innstilling frå forvaltar

Styret tek orienteringa til vitande.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Tildeling av tiltaksmidler for 2025
- Status på tiltak og tiltaksmidler per 07.11

Bakgrunn

Mot slutten av 2024 sende Naustdal-Gjengedal verneområdestyre inn søknad til Miljødirektoratet om tiltaksmidler for 2025. Styret søkte om totalt 860.000 kr fordelt på 17 tiltak. Etter Miljødirektoratet si handsaming fekk styret tildelt 800.000 i tiltaksmidler, og alle tiltaka var godkjende for bruk av tiltaksmidler.

Styret fordelte tiltaksmidlane i første styremøte i 2025, og det vart sett av midlar på 16 av tiltaka. Per 5.11 er det brukt midlar på 10 av tiltaka, og det er forventa at det til slutt blir brukt midlar på 14 av dei. Vi ventar på ein del rapportar og faktura frå skjøtselsarbeid som har frist 15.11.



Skjøtsel

Det har blitt jobba veldig godt med skjøtsel på støyane i 2025. Seks ulike grunneigarlag har hatt skjøtselsavtale. Truleg har ikkje alle jobba for heile summen som har blitt sett av. Vi kan særleg trekke fram Rygg og Grov sameige og Gimmestad-Moen sameige for planmessig, strukturert og godt arbeid på omsynsvis Ryggjastøylen og Gimmestadstøylen. I skrivande stund har ikkje forvaltar full oversikt over alle skjøtselsavtalane, men vi vil forhåpentlegvis ha det til møtet.

Det har vore jobba ein del med granfjerning og i 2025. Mykje av det var arbeid som vart betalt i 2024 frå budsjettet då, men det har og vore ein noko arbeid med friske midlar frå 2025. Dersom det vert tiltaksmidlar igjen no mot slutten av året, er det aktuelt å gjere førehandskjøp av arbeid med granfjerning, som kan utførast til vinteren eller våren.

Buføringsvegar

Det har blitt jobba godt med to driftevegar/buføringsvegar i år, i Traudalen og i Breidalen. I Traudalen har vi jobba manuelt med å få kontroll på vatn og bygge gode kloppar i stein over vassrennene. Vi har kjøpt noko tenester her og i tillegg har forvaltar og SNO bidrege med arbeid. Grunneigarane sjølve har gjort ein del arbeid her og, dei har etter avtale fått gjere ein del med minigravar og tilført pukk/grus med helikopter.

På råsa som går opp mot Breidalen er det og gjort maskinelt arbeid utanfor grensa, og so er det gjort manuelt arbeid kombinert med grusing med helikopter innanfor.

Anna tilrettelegging

- Ved Svostølen i Naustdal har grunneigarane montert ei ny bru over elva der. Brua er finansiert med tiltaksmidlar.
- Midtre Nordfjord turlag har stått for remerking av ruta frå Traudalen til Gjengedalsstøylen, finansiert med tiltaksmidlar.
- Bygdeservice har jobba mykje med vedlikehald og reperasjon av kloppar, som har vore lagt dei siste 10-12 åra. Dette er eit stor arbeid. Arbeidet er hovudsakleg finansiert av tiltaksmidlar, men og noko med grunnstøtte drift.
- Det er sett opp ny utedo ved Nesstøylen / Ytre Kandalsstøylen, som erstatning for den gamle som var i ferd med å falle ned. Arbeidet er utført av Bygdeservice og grunneigar Geir Kandal.
- Eldsjeler frå Rygg og Grov sameige har jobba med å utbetre stien som går frå Traudalen til Traudalsnibba. Stien er til dels lagt om, og det er lagt kloppar i dei våtaste partia.

Dei fleste tiltaka har gått som planlagt. Nokre har blitt ein del dyrare enn estimert og andre har blitt billigare. Vi har og brukt nokre tiltak som «justeringspostar» der vi kan justere innsatsen etter kor mykje midlar som har gått med på andre tiltak.



Tiltak som er utsett eller nedprioritert:

- Grunneigarane på Sandstøylen ville stå over skjøtselsarbeid no i år. Dei er ferdige med sin femårige skjøtselsplan. Dei vurderer om dei skal revidere planen og kome tilbake seinare med meir skjøtselsarbeid.
- Styret har ikkje prioritert å jobbe med montering av fleire informasjonsskilt i 2025
- Det har ikkje blitt gjort tiltak på stien til Arnestadstøylen ut over det som er gjort i samband med skjøtselen på støylen.

Forbruk av tiltaksmidler

Prognosen per no er at alle tiltaksmidlane blir brukt. Det er enno noko usikkert kor mykje av dei fordelte midlane som blir brukt på dei enkelte skjøtselsavtalane. Dei resterande midlane kan vi bruke på førehandskjøp av arbeid med gran, so lenge det ikkje blir for store summar.



Arkivsaksnr: 2025/15157-2

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 07.11.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	17/25	17.11.2025

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Oppføring av naust i Traudalen - Einar Nystad

Innstilling frå forvaltar

Einar Nystad får løyve til å sette opp naust i naustområdet ved Traudalsvatnet. Naustet skal byggast i tråd med utbyggingsplanen for nausta i Traudalen og vilkåra nedanfor. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 punkt 1.3 e).

Vilkår for løyvet:

- Naustet skal plasserast på nausttomt nummer 16 i naustplanen.
- Naustet kan vere inntil 5x6 meter flatemål og ha maks 2,3 m gesimshøgde.
- Taket skal ha saltak med vinkel mellom 30 og 45 grader og naustet skal ha kledning med mørk farge.
- Søkjar er ansvarleg for å rydde opp etter byggearbeidet og fjerne alt avfall og bygningsrestar.
- Naustet skal vere ferdig innan utløpet av 2028. Det endelege resultatet skal dokumenterast med bilete som vert sendt til verneområdeforvaltar.
- Søkjar må sjølv ordne byggeløyve frå kommunen.


Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Søknad om å bygge naust i Traudalen, frå Agnes Nystad på vegner av Einar Nystad
- Verneforskrift for Naustdal-Gjengedal LVO
- Utbyggingsplan for Traudalen naust- og hyttefelt (Jordskifteretten 03.10.01)
- Forvaltningsplan for Naustdal-Gjengedal LVO
- Kommuneplanens arealdel for Gloppen 2023 - 2035

Søknaden

Agnes Nystad har sendt inn søknad på vegner av einar Nystad, om å bygge naust på nausttomt i Traudalen. Naustet skal førast opp på ferdig opparbeida tomt på enden av nausttrekkja, og utforminga av naustet skal vere i tråd med utbyggingsplan og reguleringsplan for naustområdet frå 2001. Vedlagt kart nedanfor.



Regelverk

Oppføring av nye bygningar er i utgangspunktet forbode i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. I verneforskrifta er det likevel opna for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til oppføring av naust i Traudalen. Dette står i verneforskrifta § 3 punkt 1.3 e):

1.3. *Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:*

- e) *Oppføring av naust ved austenden av Traudalsvatnet i samhøve med vedteken kommunedelplan frå 1998. Utforming av nybygg skal vere tilpassa landskap og byggjeskikk.*

Søkjaren er sjølv ansvarleg for byggeløyve frå kommunen, og eventuelt løyve frå grunneigar.

Jamfør naturmangfaldlova (nml) § 7 skal alle vedtak som kan verke inn på naturmiljøet vurderast opp mot prinsippa i nml §§ 8-12.



Vurdering

Nye bygningar i eit verneområdet skal vere, og er, strengt regulert. Det er krav både til føremålet bak bygget, til kva bygg som er aktuelle å få bygge og korleis bygg skal utformast. Og, som i arealplanlegging elles, er det betre med heilskaplege planer enn enkeltvis dispensasjonar. I Traudalen vart dette teke tak i allereie før området vart verna. Her vart det laga ein utbyggingsplan i 2001 som er konkret og detaljert på kor nausta skal plasserast og korleis dei skal sjå ut. Planen er stadfesta av Sunnfjord og Ytre Sogn Jordskifterett same året og godkjent av Gloppen kommune i 2002. Naustområdet ligg og inne i kommuneplanens arealdel som vart vedteken i 2023.

I forvaltningsplan for Naustdal-Gjengedal LVO er retningslinjene frå utbyggingsplanen lagt til grunn for forvaltninga:

Retningslinjer for nausta i Traudalen:

- Det kan byggast inntil 16 doble naust på sørsida av vatnet.
- Nausta skal plasserast som teikna på kart i samband med utbyggingsplanen
- Naustbygningane skal ikkje ha større ytre mål enn 5 x 6 m, og gesimshøgda skal ikkje vere høgare enn 2,3 m
- Bygningane skal ha mørk farge, mønetak med takvinkel mellom 30 og 45 grader og elles utforming mest muleg i samsvar med dei andre nausta i austre enden av

Søknaden viser til og bygger soleis på føringane i utbyggingsplanen. Det gjer jobben oversiktleg og enklare for forvaltningsstyresmakta. Gjennom utbyggingsplanen og forvaltningsplanen er naust i Traudalen i seg sjølv ganske strengt regulert, og føringane her er strengare og meir detaljerte enn i mange andre byggesaker i verneområdet. Sidan naustet er heilt i tråd med allereie vedtekne og etablerte føringar, so går eg ikkje nærmare inn på verken føremålet med naustet, plassering eller utforming. Utbyggingsplanen definerer den lokale byggeskikken, og naustet vil derfor vere i tråd med den.

Tomtene til nausta er allereie opparbeida, om lag halvparten av nausta er bygd. Det vert ikkje noko vesentlege terrenginngrep ut over det som allereie er gjort med tomtarbeidet.

Det vil likevel vere på sin plass å sette nokre vilkår om korleis byggearbeidet skal gå føre seg og korleis det skal sjå ut når arbeidet er ferdig. Særleg er det viktig at det vert rydda opp skikkeleg etter at arbeidet er fullført. Alt av avfall og bygningsrestar må fjernast og handterast i tråd med krava for avfallshandtering. Det bør og settast ein frist for kortid byggearbeidet skal vere ferdig, slik at ein ikkje risikerer å ha eit halvgjort byggearbeid ståande til ulempe og sjenanse for andre.



Byggearbeid av denne typen fører alltid med seg behov for transport av material og utstyr. Rygg og Grov sameige har eit fleirårig løyve til bruk av vegen inn til naustområdet, og det løyvet gjeld mellom anna transport av material og utstyr til byggearbeid. Naudsynt motorferdsel i samband med bygginga er derfor tillate gjennom det løyvet.

Kunnskapsgrunnlaget kring bygging i naustområdet er godt og dekkja gjennom fleire prosessar. Krava i nml § 8 er derfor oppfylt. Omsynet til samla belastning i § 10 er og greia ut og regulert gjennom utbyggingsplanen og forvaltningsplanen. Som ein del av vurderinga av nml § 10 må ein og sjå på presedensverknaden av eit vedtak som vert gjort. Sidan nausta er so strengt regulert i utbyggingsplanen, og det er tydeleg avgrensa kor mange naust som kan byggast og korleis det skal skje, so vil ikkje eit løyve skape nokon vanskeleg presedens her.

Nml §§ 9, 11 og 12 er ikkje relevante i saka.



Arkivsaksnr: 2019/2581-31

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 07.11.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	18/25	17.11.2025

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - driftsbudsjett for 2026

Innstilling frå forvaltar

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre søker Miljødirektoratet om følgjande for 2026:

- Driftsbudsjett for styret på kr 89.000
- Driftsmidler til vedlikehald kr 50.000
- Ferdigstilling av skjøtselsplan for Myklandsdalen kr 50.000

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Driftsbudsjett for Naustdal-Gjengedal og Ålfotbreen verneområdestyre for 2026 (framlegg)

Bakgrunn

Verneområdestyret må sende søknad til Miljødirektoratet om midlar til drift av styret. Styret bør derfor sette opp eit budsjett over forventa kostnader som kan vere grunnlag for den søknaden.

For å få eit realistisk budsjett bør styret tenke over kor stor aktivitet man ser for seg i det komande året. Då er det fleire moment som styrt bør ta stilling til.

Styremøte

I følge vedtektene bør styret tre saman minst fire gonger i året, noko som normalt sett vil vere tilstrekkeleg med den saksmengda vi har. Det er derfor naturleg å legge fire styremøte til grunn for budsjettet. Knytt til styremøta må vi ta høgde for møtegodtgjersle, tapt arbeidsforteneste, reisekostnader og kostnader til lokale og servering på møta. Forvaltar føreslår at vi legg til grunn at eit av møta vert digitalt, og dermed utan kostnader til reise, møterom og servering.



Vi har god erfaring med å kombinere styremøte og fjelltur i 2024, og vi har snakka om å gjere det i 2025 og. Dersom vi då legg opp til liknande opplegg med overnatting på hytte og at vi lagar mat sjølve so vil vi klare det greitt innanfor eit normalt budsjett.

Rådgjevande utval

Kostnadane med Rådgjevande utval skal dekkast over driftsbudsjettet til styret. Representantane her har krav på å få dekkare reisekostnad. I tillegg har vi kostnadar med møterom og enkel servering som vi brukar å ha på møta. Rådgjevande utval får ikkje møtegodtgjersle. Vi har normalt eitt møte i Rådgjevande utval kvart år, i september eller tidleg i oktober.

Konferansar og studieturar

Forvaltar har ikkje lagt opp til studietur eller konferansedeltaking i budsjettet. Dersom styret ønskjer å ha studietur eller anna fagleg påfyll som har kostnadar utover dei ordinære styremøte, so må dei kostnadane leggjast inn i driftsbudsjettet og søkast om. Vi veit ikkje om Miljødirektoratet legg opp til Nasjonalparkkonferanse i 2026.

Drift av nettsider

Vi har nokre mindre kostnader til drift av nettsidene våre. Vi har der ein avtale med leverandør av nettsidene, Trollbinde AS på Dombås. Dette er inkludert i driftsbudsjettet til styret.

Driftsmidlar til vedlikehald og drift av infrastruktur er ein ny post som vi fekk i 2024. Vi fekk då 50.000 som kan brukast til vedlikehald og drift av anlegg og infrastruktur, først og fremst slikt som vi tidlegare har investert i. Dei midlane ligg på same budsjettpost som driftsbudsjettet til styret. For 2025 må slike midlar søkast om, og forvaltar rår til at styret søkjer om midlar til dette for 2025, og gjerne noko meir enn vi fekk i 2024

Planmidlar

Midlar til kartlegging, planarbeid og liknande ligg på same budsjettposten som driftsbudsjettet til styret. Dei skal derfor søkast om i same søknad som driftsbudsjettet.

I framlegg til budsjett ligg det inne søknad om noko planmidlar til å gjere ferdig skjøtelsplan for Myklandsdalen.

Grunnstøtte drift og vedlikehald av infrastruktur

Dei siste to åra har vi fått 50.000 i grunnstøtte til drift og vedlikehald av infrastruktur, og til oppdukkande behov. Dei midlane kjem frå same kapittelposten som driftsbudsjettet til styret, og vi tek derfor dei midlane med her.



Arkivsaksnr: 2019/10675-6

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 07.11.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	19/25	17.11.2025

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - revidering av tiltaksplan for 2026

Innstilling frå forvaltar

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre vedtek oppdatert tiltaksplan slik den ligg føre, eventuelt med justeringar gjort i møte.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Framlegg til tiltaksplan for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde
- Besøksstrategi for Naustdal-Gjengedal LVO

Bakgrunn

Kvart år søker Naustdal-Gjengedal verneområdestyre om tiltaksmidlar frå Miljødirektoratet, som skal nyttast til tiltak som skal sikre og fremje verneverdiane. Tiltaka skal vere med på å oppnå målsetningar i forvaltningsplan, besøksstrategi og andre dokument. Tiltaka som ein skal søke om midlar til bør ha ei forankring i planverket til forvaltninga.

Besøksstrategien er etter kvart nokre år gammal, og ikkje lenger heilt oppdatert. Forvaltningsplanen er under revisjon. Dei fleste tiltaka i dei gamle plandokumenta er enten gjennomført eller ikkje lenger aktuelle. Nye behov og problemstillingar har dessutan dukka opp i åra som har gått. Det er derfor behov for ein meir oppdatert tiltaksplan som grunnlag for søknad om og bruk av tiltaksmidlar.



Tiltaksplanen til Naustdal-Gjengedal er eit enkelt og dynamisk dokument som vert oppdatert kvart år. Gjennomførte tiltak vert kvittert ut, igangsette tiltak vert endra og oppdatert tilpassa gjeldande status, og nye behov vert lagt inn. På ein del tiltak vert og kostnadsestimatet justert ut i frå kunnskapsgrunnlag og ambisjonsnivå. Den gjeldande planen vart revidert i november 2024. I framlegget er ferdige tiltak frå den gjeldande planen tekne ut. Nye tiltak er lagt til basert på innspel som har kome inn gjennom 2025, eller etter vurderingar frå forvaltar eller naturoppsyn.

Mange av summane er estimat, basert på erfaring med liknande tiltak tidlegare og til dels etter å ha undersøkt prisar.

Utkast til tiltaksplan vert sendt ut som vedlegg til sakspapira og diskutert i møtet. Styret kan gjere endringar i utkastet i form av nye tiltak, fjerne tiltak eller gjere justeringar i dei tiltaka som står der. Styret treng ikkje å prioritere tiltaka i tiltaksplanen, men det må gjerast i bestilling av tiltaksmidlane (eigen sak).



Arkivsaksnr: 2019/4173-32

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 07.11.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	20/25	17.11.2025

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - søknad om tiltaksmidler for 2026

Innstilling frå forvaltar

Tiltak	Skildring av tiltaket	Kostnads- overslag
Skjøtsel Ravnestadstøyle	Skjøtselstiltak i tråd med utarbeida skjøtelsplan	25 000
Skjøtsel Myklandsstøyle	Enkle skjøtselstiltak i påvente av skjøtelsplan	20 000
Skjøtsel Arnestadstøyle	Årleg slått på Arnestadstøyle. Skjøtsel i tråd med skjøtelsplan.	50 000
Skjøtsel Fitjestøyle	Skjøtelsstiltak i tråd med utarbeida skjøtelsplan	50 000
Skjøtsel Gimmestadstøyle	Skjøtelsstiltak i tråd med utarbeida skjøtelsplan	50 000
Skjøtsel Nesstøyle/Kandalsstøyle	Skjøtelsstiltak i tråd med utarbeida skjøtelsplan	50 000
Skjøtsel Ryggjastøyle	Skjøtselstiltak i tråd med utarbeida skjøtelsplan	50 000
Drifteveg i Traudalen	Utbetring på stien som er forlenging av drifteveg i Traudalen. Først og fremst manuelt arbeid, kanskje og noko maskinelt i starten	25 000
Nibberåsa i Traudalen	Gjere ferdig arbeidet som vart starta på og nesten ferdigstilt i 2025.	10 000
Skjøtsel Ryssdalsstøyle	Skjøtelsstiltak i tråd med utarbeida skjøtelsplan	50 000
Remerking av stiar	Midtre Nordfjord turlag driv med remerking av stiar i landskapsvernområdet.	30 000
Vedlikehald av kloppear	Verneområdestyret har det siste tiåret brukt store summar på kloppegging. Dette har vore gode og velkomne tiltak. No ser vi at det er behov for noko vedlikehald og reperasjonar på enkelte stader.	75 000



Nytt informasjonsskilt i Angedalen	Eit informasjonsskilt i Angedalen vart øydelagt av uveret Amy. Den gamle treramma frå 2011 har sett sine beste dagar og det er behov for å sette opp nytt skilt.	60 000
Fjerning av ikkje-ynskte artar	Fjerne førekomstar av gran i landskapsvernområdet.	100 000
Råsa gjennom Ura ved Storevatnet	Det vart gjort ein god jobb i 2023. Grunneigar/dyreeigar melder likevel om framleis behov for utbetring	25 000
Bandtvangsskilt	Kjøpe inn ein del skilt som minner om bandtvang, av skikkeleg kvalitet	30 000
Buføringsveg mot Breidalen	Utbetre buføringsveg for driving av storfe frå inntaket til Breidalselva og oppover det første stykket mot Breidalen.	60 000
Bru ved Longevasshytta	Sette opp ny bru over elva rett nordaust for Longevasshytta	120 000
Bru i Traudalen/Ljøren	Sette opp bru over elva i Traudalen heilt innerst ved oppgangen til Ljøren	120 000
Totalt		1 000 000

Saksopplysningar

Verneområdestyret skal sette opp ei liste over tiltak ein vil bestille midlar til i 2026. Lista skal sendast til Miljødirektoratet og vere grunnlag for tildeling av tiltaksmidlane utpå nyåret. Bestillinga bør bygge på besøksstrategi, forvaltningsplan, tiltaksplan eller skjøtelsplan. Miljødirektoratet har laga ein ny og oppdatert strategi for bruk av tiltaksmidlar 2026-2030. Strategien ligg som vedlegg til sakspapira.

Vilkår for bruk av midlane:

- Midlane er statlege investeringsmidlar (kan ikkje nyttast til tilskot).
- Midlane skal nyttast til tiltak i regi av forvaltninga.
- Midlane kan nyttast til tiltak innan skjøtsel, tilrettelegging og informasjonsarbeid.
- Midlane skal nyttast i tråd med føringar frå Miljødirektoratet.

Styret må vurdere kva tiltak som skal inn på lista, kor stor sum som skal stå på kvart tiltak og so skal alle tiltaka ha ei unik prioritering. Verneområdeforvaltaren har sett opp ei liste over aktuelle tiltak basert på pågåande tiltak, tiltak som har vore på tiltaksplan men ikkje blitt gjennomført enno, og nye tiltak som er spelt inn siste året.



Nokre av summane som står her er rettleiande og bygger på eit estimat. Dei bygger enten på erfaringar eller signal frå grunneigarar eller andre som skal utføre dei. Andre summer er meir nøyaktige og bygger på god planlegging frå grunneigarar eller forvaltninga. For skjøtselstiltak er summen oftast ei ramme som grunneigarlag eller andre jobbar for. Som regel vert heile ramma brukt, men av ulike årsaker er ikkje det alltid tilfelle.

Tilretteleggingstiltak er ofte vanskeleg å estimere kostnad på. Vi har ikkje verken mange eller store tilretteleggingstiltak med i framlegget i år. Vi ser at vi har eit bra stort behov for vedlikehald av den infrastrukturen vi har bygd. Vi hadde stort fokus på dette i 2025, og etter forvaltar sitt syn bør det halde fram. Det er ikkje lagt opp til nye, store investeringar i forslaget for 2026.

Søknad om tiltaksmidlar skal sendast til Miljødirektoratet via elektronisk søknadssenter, og søknadsfrist er normalt kring nyttår.

I tillegg til å søke om tiltaksmidlar til tiltak so kan verneområdestyret og bestille tenester frå Statens naturoppsyn. Det skal skje i løysinga Naturoppdrag, og det er sett opp som ei eiga sak.

Handsaming i møte:

- Har styremedlemmene tiltak eller prosjekt som bør inn på lista?
- Har de kome innspel eller planar direkte til styremedlemmene som bør vere med på lista?
- Er det tiltak her som ikkje bør vere med på lista?
- Tiltaka må ha unik prioritering i søknaden.

Bruttoliste over aktuelle tiltak

Tiltak	Skildring av tiltaket	Kostnads- overslag
Skjøtsel Ravnestadstøyle	Skjøtselstiltak i tråd med utarbeida skjøtelsplan	25 000
Skjøtsel Myklandsstøyle	Enkle skjøtselstiltak i påvente av skjøtelsplan	20 000
Skjøtsel Arnestadstøyle	Årleg slått på Arnestadstøyle. Skjøtsel i tråd med skjøtelsplan.	50 000
Skjøtsel Fitjestøyle	Skjøtelsstiltak i tråd med utarbeida skjøtelsplan	50 000
Skjøtsel Gimfestadstøyle	Skjøtelsstiltak i tråd med utarbeida skjøtelsplan	50 000
Skjøtsel Nesstøyle/Kandalsstøyle	Skjøtelsstiltak i tråd med utarbeida skjøtelsplan	50 000
Skjøtsel Ryggjastøyle	Skjøtselstiltak i tråd med utarbeida skjøtelsplan	50 000
Drifteveg i Traudalen	Utbetring på stien som er forlenging av drifteveg i Traudalen. Først og fremst manuelt arbeid, kanskje og noko maskinelt i starten	25 000



Nibberåsa i Traudalen	Gjere ferdig arbeidet som vart starta på og nesten ferdigstilt i 2025.	10 000
Skjøtsel Ryssdalsstøylen	Skjøtselsstiltak i tråd med utarbeida skjøtelsplan	50 000
Remerking av stiar	Midtre Nordfjord turlag driv med remerking av stiar i landskapsvernområdet.	30 000
Vedlikehald av kloppe	Verneområdestyret har det siste tiåret brukt store summar på kloppelegging. Dette har vore gode og velkomne tiltak. No ser vi at det er behov for noko vedlikehald og reperasjonar på enkelte stader.	75 000
Nytt informasjonsskilt i Angedalen	Eit informasjonsskilt i Angedalen vart øydelagt av uveret Amy. Den gamle treramma frå 2011 har sett sine beste dagar og det er behov for å sette opp nytt skilt.	60 000
Fjerning av ikkje-ynskete artar	Fjerne førekomstar av gran i landskapsvernområdet.	100 000
Råsa gjennom Ura ved Storevatnet	Det vart gjort ein god jobb i 2023. Grunneigar/dyreeigar melder likevel om framleis behov for utbetring	25 000
Bandtvangsskilt	Kjøpe inn ein del skilt som minner om bandtvang, av skikkeleg kvalitet	30 000
Buføringsveg mot Breidalen	Utbetne buføringsveg for driving av storfe frå inntaket til Breidalselva og oppover det første stykket mot Breidalen.	60 000
Bru ved Longevasshytta	Sette opp ny bru over elva rett nordaust for Longevasshytta	120 000
Bru i Traudalen/Ljøren	Sette opp bru over elva i Traudalen heilt innerst ved oppgangen til Ljøren	120 000
Totalt		1 000 000

Litt meir om enkelte av tiltaka og postane

• Skjøtelsavtalane

Skjøtelsavtalane har blitt ein stor del av tiltaksmidlane, om lag halvparten av midlane vert sett av til desse. Interessen er aukande, og no har eit grunneigarlag til meldt si interesse. Desse bør vidareførast, so lenge grunneigarane er interesserte i det.

Ravnestad og Mykland er nye støyler som ønskjer avtale. På Ravnestad er det ønske om rydding av vegetasjon. På Myklandsstøylen er det snakk om slått av det innegjerda området i 2026. Frå 2027 vil det truleg bli skjøtsel basert på den nye skjøtelsplanen.



- **Remerking av stiar**

Dette er eit enkelt, relativt billeg og nyttig tiltak som er heilt i tråd med målk og prioritering i besøksstrategien. Der er det slått fast at den eksisterande infrastrukturen skal ha god standard og at det er eit prioritert mål.

- **Buføringsvegar**

Dette er populære tiltak som grunneigarane ofte tek initiativ til og melder inn. Tiltaka er nyttige både for beitedyr og for friluftsliv. Utfordringa her er å finne rette nivået på arbeidet. Det må vere ein balanse mellom kost og nytte, enkelt forklart.

Vi har jobba mykje med dette i 2025, og det er behov/ønske om å jobbe vidare med både Breidalen, Traudalen og Gjengedalen. Vi vil då basere oss på manuelt arbeid, eventuelt med tilføring av masse med helikopter der det er teneleg.

- **Bruer**

Midtre Nordfjord turlag har meldt inn behov for ei ny bru inst i Traudalen. Dei har merka opp att ruta som går frå Traudalen til Gjengedalsstøylen, men meiner at ruta ikkje er trygg og god før ein har fått på plass ei bru der.

Forvaltar og naturoppsyn meiner det bør på plass ei ny bru ved Longevasshytta. Her er det i dag ei enkel bru av ein stige med bord på. På ei so viktig rute og til eit prioritert turmål bør det vere skikkeleg bru.

- **Informasjonsskilt**

Informasjonsskilt i Angedalen vart øydelagt av uveret Amy, og det bør erstattast.

- **Fjerning av gran**

Dette er eit «evigvarande» tiltak som vil krevje veldig mykje tid, midlar og adminisitrativ innsats om vi skal komme i mål. Arbeidet er ofte avhengig av gode ver- og føreforhold og kan vere særst tungvindt. Det er lett å havne litt bakpå og krevande å bli ferdig innan fristar. Enkelte tiltak går over fleire år.

Vi vil i løpet av 2025 ha fått tatt det meste som er i Gloppen. Men det står framleis att mykje i Sunnfjord. Både i Naustedalen, Angedalen og i dalføra på Jølster er der felt eller mindre førekomstar inne i verneområdet.



Arkivsaksnr: 2019/4173-34

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 07.11.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	21/25	17.11.2025

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - bestille SNO-ressursar for 2026

Innstilling frå forvaltar

Bestilling av SNO-ressursar i 2026:

- Delta på styremøta i verneområdestyret
- Delta på møte med Rådgjevande utval
- Oppfølging av skjøtselsavtalar
- Oppfølging og dokumentasjon av granskjøtsel
- Prosjektering, planlegging og manuelt arbeid på buføringsvegar i Breidalen, Traudalen og Gjengedalen.
- Arbeid med montering av bruer ved Longevasshytta og i Traudalen.



Saksopplysninger

Bakgrunn

Det lokale naturoppsynet er feltapparatet til styret og forvaltninga. Det er oppsynet som er våre øye der ute i felt, og som i hovudsak skal kontrollere og dokumentere på vegner av styret.

Vi har ein god kommunikasjon med lokalt SNO, men det er likevel krav til at vi bestiller ressursar, oppdrag og tenester frå SNO gjennom løysinga som heiter Naturoppdrag.

Forslag til bestilling av SNO-ressursar i 2026:

- Delta på styremøta i verneområdestyret
- Delta på møte med Rådgjevande utval
- Oppfølging av skjøtselsavtalar
- Oppfølging og dokumentasjon av granskjøtsel
- Prosjektering, planlegging og manuelt arbeid på buføringsveggar i Breidalen, Traudalen og Gjengedalen.
- Arbeid med montering av bruer ved Longevasshytta og i Traudalen.

ST 22/25 Eventuelt